



Kulturhistoriske registreringar

Sæterdalen gard, Bjørndalsbrotet, gnr. 122, bnr. 601 m.fl.
Bergen kommune

Rapport 34 - 2021


1. Bakgrunn

I samband med detaljregulering for Sæterdalen gard gnr. 122, bnr. 601 m.fl. i Bergen kommune, har seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune gjennomført ei kulturhistorisk registrering med siktemål å kartleggje eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet. Registreringa vart utført av Robert Hansen og Louise Bjerre Petersen 12.-13.08.2020.

Under registreringa vart det opna 5 sjakter med gravemaskin. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

15 timar er nytta på feltarbeid og 7 timar er nytta på etterarbeid. 0 C14 prøver er send inn til datering.

2. Området



Figur 1 Skjermdump frå kommunekart.com.

Planområde er i dag i all hovudsak uregulert og formålet med planarbeidet er å tilrettelegga området for bustader med tilhørande uteområder og parkering. Planområdet ligg nord for krysset fv. 574 Bjørgeveien/kommunal veg Bjørndalsbrotet. Det består av innmark og bygd ut areal med eldre gårdshus, garasje og løe. Innmarka ser ut i frå flyfoto til å ha lege i nokre tiår. I følgje naboer skal det ikkje ha vore drifta på over 40 år. I dag byrjar området å gro igjen med svært høgt gras, bregnar, buskas og tre som veks tett på våningshuset.



Figur 2 Nordre del av planområdet. Foto NA mot Bjørgeveien.



Figur 3 Nordre del av planområdet. Foto A mot Bjørgeveien.



Figur 4 Foto av våningshuset.



Figur 5 Garasje og arbeid med ny fotgjengarundergang. Skjermdump frå Google Maps.



Figur 6 Flyfoto frå 1951. Skjermdump frå kart.finn.no.



Figur 7 Flyfoto frå 1980. Skjermdump frå kart.finn.no




Figur 8 Flyfoto frå 2005. Skjermdump frå kart.finn.no.



Figur 9 Flyfoto frå 2014. Skjermdump frå kart.finn.no.

3. Tidlegare registreringar og funn i området



Figur 10 Oversiktskart med tidlegare registrerte kulturminne. Skjermdump frå Askeladden.ra.no.


Det var frå før ikkje kjent automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, men i nærområdet er det registrert ei rekkje kulturminne. Sør for planområdet, rundt Gjeddevatnet er det registrert ein rekke steinalderlokaliteter. På Sæleidet, som ligg midt mellom Bjørndalsvatnet og Gjeddevatnet med liknande topografiske forhold som på Sæterdalen, er det registrert ein større bronse-jernalderlokalitet kor majoriteten av strukturane er tolka som kokegroper.

4. Undersøkinga

I perioden 12.-13.08.2021 vart det opna 5 søkesjakter innanfor planområde der det var størst potensiale for å gjøre funn av automatisk freda kulturminne. Då det ikkje var gravemaskin tilgjengeleg 12.08, vart område nord for våningshuset prioritert den 13.08.

Området kor det vart grave søkesjakter er relativt skrint og er av NGNU klassifisert som bart fjell med stedvis tynt dekke. Jamt over er det formolda organisk jord like under graset. Elles består sjaktene av morenejord, sediment og berg. Tidlegare drift på garden har sannsynlegvis blanda om desse og spor etter eventuell førhistorisk aktivitet var dermed ikkje lenger intakt og vanskeleg å få auge på.

Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne under den arkeologiske registreringa.



Figur 11 Kart over alle sjaktene som vart grave under registreringa.



Figur 12 Ortofoto med alle sjaktene grave under registreringa.

Sjakt 1:

Sjakt 1 er ca. 20-25 cm djup og består av brunoransje til guloransje silthaldeg sand.



Figur 13 Sjakt 1. Foto mot S.

Sjakt 2:

Sjakt 2 er ca. 40-90 cm djup og består av brunoransje til gul finkorna sand. Nokre større steinar i sjaktas midtparti. Sjakta vorte grove ca. 90 cm djup i NV ende.



Figur 14 Sjakt 2. Foto mot SA.

Sjakt 3:

Sjakt 3 er ca. 20-50 cm djup og består av raudbrun til brun-oransje silthaldig sand. Ei veita ligg diagonalt i den NA del av sjakta. I NA ende er det òg grøfta.



Figur 15 Sjakt 4. Foto mot A.

Sjakt 4:

Sjakt 4 er 20-40 cm djup og består av oransjebrun-oransje sandhaldig silt. Det er ein nedgraving i sjaktas midtre-nordlege del med moderne porselen og glas. Nokre større stein og berg i sjaktas midt-vestre parti.



Figur 16 Sjakt 4. Foto mot S.

Sjakt 5:


Sjakt 5 er ca. 20-40 cm djup og består av oransjebrun til gulgrå sandhaldig silt. Nokre større steinar og berg i sjaktas midtparti. Lys gulgrå silt i sjaktas midtparti.



Figur 17 Sjakt 5. Foto mot N.

5. Konklusjon

Den arkeologiske registreringa i samband med detaljregulering for Sæterdalen gard, Bjørndalsbrotet gnr. 122, bnr. 601 m.fl. i Bergen kommune, vart gjennomført i perioden 12.-13.08.2021. Det vart ikkje påvist funn som kjem inn under § 4 i kulturminnelova om automatisk freda kulturminne.



vestlandfylke.no